



Gunnar Kjærland (83), som har lært analfabetar verda rundt bibelhistoria, er eitt av intervjuobjekta i siste nummer av Uskedalsposten. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Uskedalsposten kjem fredag ettermiddag med si utgåve nummer fem sidan starten for eitt år sidan. Julenummeret er det største som er utgjeve til no, med sine 44 sider, og jula har sjølv sagt fått ein sentral plass.

Ikkje minst er den unike julegrana vår omtala og Uskedalsposten spør kva som skal skje med ho.

Hobbyklubben i bedehuset står bak Uskedalsposten og den yngre garde har prega produktet. Ellers møter lesarane fleire kjende uskedelingar, til dømes Gunnar Kjærland og Knut Sjøwall. Det er reportasjar om Eidsvik Skipsbyggeri og om huset som starta som stall i Omvikdalen for 150 år sidan og enda som forsamlingshus oppe i dalen.

Det er også skifta trykkeri sidan den førre utgåva. No er det A1 Grafisk Kvinnherad i Rosendal (Sigurd Vikøren) som står for trykkinga. Det sikrar betre papir- og trykkkvalitet.